

## ÅRSMELDING 2023



**Åmås Friskule er ein barneskule for 1. – 7. trinn. Skulen er driven av dei føresette i samsvar med Friskulelova, vedtekten for skulen og offentlege læreplanar (K-20). Eigarane er medlemmer i ei føresetteforeining som vel eit styre på årsmøtet kvart år. Styret er ansvarlege for drifta, og rektor er pedagogisk og dagleg leiar.**

**Godkjenning:**

Departementet har godkjent skulen for inntil 50 elevar, men fylket godkjenner ikkje meir enn 15 elevar i kvart klasserom.

**Elevane:**

Våren 2023 var det 46 elevar ved Åmås Friskule, og i hausthalvåret starta vi med 46 elevar (men det kom til 2 elevar i november, så no er vi 48 elevar).

Elevane fordele seg i hausthalvåret med 18 elevar på småskuletrinnet (1.-3.), og 30 elevar på mellomtrinnet (4.-7.).

Skulen er i 2023/24 delvis femdelt, der 1.+2.klasse går ilag, 3.kl. går åleine, 4.klasse går åleine, 5.kl. går åleine og 6.+7. klasse går ilag. Elevane på 1.-3.trinn har litt felles- og stasjonsundervisning.

**Styret 2022:**

Ann Christin Grotle - leiar og økonomiansvarleg, Trine Foldal – skriver, Torstein Åm og Svein Olav Humberset – styremedlemmer. I tillegg møter rektor (Solgun Nedreberg) og arbeidsplassstillsvald (Svein Erik Grevsnes). Vara: Siw R. Lødemel og Vidar Westre.

**FAU (skuleåret 23-24):**

1.kl.: May Elin Raudøy Myklebust, 2.kl.: Marsha Koekoek, 3. kl.: Unni D. Øye, 4.kl.: Lovise Åm, 5.kl.: Ronny Kile, 6.kl.: Thor Arne Røed, 7.kl.; Anne Marte Krøvel-Velle.

**Møteverksemd:**

- Årsmøte avvikla 22.03.23.
- 5 styremøte.
- 2 møte i FAU.
- 1 møte i føresetteforeininga, haust.
- 2 møte i skulemiljøutvalet (der både styret og FAU også tek del. Desse møta kjem i tillegg til styremøta).

**Undervisningsressurs:**

Samla for 2023 om lag 7,2 årsverk.

Av dette er ca. 0,50 årsverk spes.ress. dekt frå kommunen.

**Administrasjon:**

80% til rektor.

**Assistentressurs:**

1,98 årsverk.

**SFO-ressurs:**

41,0 % stilling dagleg leiar, dekt av foreldrebetaling.

**Vaktmeisterressurs:**

Svein Erik Grevsnes har i haustsemesteret hatt 2t. vaktmeisterressurs lagt til si stilling. Renate Olsen har 6,7% vaktmeisterressurs lagt til si stilling: kosting/rydding i skur og uteleiker, etterfylling av såpe og papir, diverse innkjøp, måkeansvar snømorgonane og trille bort bosdunkane mandagsmorgonane. Førefallande arbeid/vedlikehald hopar seg lett opp, og vi kjenner på at det hadde vore trengande med ein større vaktmeisterressurs.

## **Tilsette:**

### Undervisningsstillingar:

Kontaktlærarar frå hausten -23: Øystein Hovland(1.+2.kl.), David Myklebust (3. klasse), Gloria Minkov (4.kl), Emma Medina Welle (5.kl.) og Anette Dagfinrud (6.+7. kl).

Spesialundervisning: Susanne Finnøy, Anette Dagfinrud, Svein Erik Grevsnes og Veronica Elise Roseth (Isabell Engjaberg Øye har vore vikar for Veronica sidan skulestart i haust).

Undervisningstimar elles: Susanne Finnøy (eng., bibliotekansvarleg og leselærar), Solgun Nedreberg (naturfag, samf., elevråd + div.), Svein Erik Grevsnes (timelærar i samfunnsfag, kroppsøving, fysisk fostring, svømming, sløyd og matte), Emma Medina Welle (mat og helse i 6.kl), Anette Dagfinrud og David D. Myklebust (tekstil for 5.kl og 7.kl).

Assistentar/rettleiarar: Renate Olsen.

Lærling:Eiril Aambø Ryste

Reinhaldar: Iwona Adamczuk.

Vikarar: Linda Somervell, Kristin Godø, Isabell Engjaberg Øye, Jarle Bae, Eirin Josefine Roseth og Anne Karin Espe var inne som tilkallingsvikarar. Rektor: Solgun Nedreberg.

## **Likestilling:**

Åmås Friskule har forholdsvis god likestilling både m.o.t. kjønn og alder; hausten-23 var det 9 kvinnelege (inkl. lærling) og 3 mannlege tilsette på skulen. Gjennomsnittsalderen er 35 år, med aldersspreiing mellom 19 og 52 år.

## **Permisjonar:**

Renate Olsen hadde fødselspermisjon til mai.

## **Sjukefråvær:**

Det har vore noko fråvær på både små og store.

## **Arbeidsmiljø/ kollegium:**

Arbeidsplassane for lærarane er berre delvis tilfredsstillande og spesielt ikkje etter gjeldande arealkrav. Dette er sjølv sagt noko ein må ta med «på kjøpet» når ein har eit gammalt skulebygg, og det same gjeld ”møtefasilitetane”!

Det er eit godt skulert, kvalifisert og ressurssterkt kollegium, som stadig har vore og er under etter- og vidareutdanning. Som i eit kvart kollegium har kvar og ein av oss sterke og svake sider, der kunsten vert å forsterke sidene med utviklingspotensiale, og å utnytte til fulle dei sterke sidene! Dette gjeld både pedagogisk personale og assistenter, og eg meiner vi er ganske flinke til å sjå og å nyttiggjere oss ressursane til kvar enkelt. Sjølv sagt kan vi alltid verte betre, på alle punkt, så vi kviler ikkje med utviklingsarbeid og framovertenking! Det er eit kollegium som har eit stort hjarte for det dei driv med, og både gode og uheldige opplevelingar med elevane vert delte og diskuterte med stort engasjement for den enkelte elev. Vi prøvar i møtetida vår med jamne mellomrom å snakke om og «sjå» ein elev. Dette gjeld ikkje spesielt elevar med spesielle behov, men tanken vår er å rekke over alle elvane i løpet av året.

## **Skolemiljøet /Skolemiljøutvalet:**

Styret, FAU, elevrådet (7.kl.), plassstillsvald og rektor er medlemar i Skolemiljøutvalet på skulen. Mandatet til Skolemiljøutvalet er formulert slik i opplæringslova: “Elevar og foreldre skal utgjere fleirtalet i Skolemiljøutvalet. Utvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet med å skape eit godt skolemiljø. Dette gjeld både det psykososiale og det fysiske miljøet på skulen”. Utvalet skal ha minimum 2 møte pr. skuleår.

Utvalet har hatt 1 møte våren-23, og 1 møte hausten-23, der det har vore fokus både på det sosiale og det fysiske miljøet. Mange gode tankar om korleis byggje eit godt skolemiljø, har kome herifrå.

Hausten -23 hadde vi ei ny elevundersøking om det sosiale miljøet på skulen, og resultatet av denne vart lagt fram på møte i Skolemiljøutvalet. Resultatet her syner ei utvikling vi er nøgde med.

Sjølv sagt vil det med jamne mellomrom dukke opp saker som kjennest litt uheldige, men dette må vi rekne med der mange born er samla, og alle negative hendingar som personalet får melding om, vert straks og med ein gong gripe fatt i. Slik sett er vi heldige som har ein oversiktleg elevflokk, og både

elevar og føresette som er flinke til å seie ifrå. Dette set vi stor pris på, og berre slik kan vi som tilsette få greie på alt som skjer.

Det har også i år vore arbeidd målbevisst på alle trinn for eit godt og trygt klasse- og skulemiljø. Trivsel og tryggleik må ligge i botnen for all læringsvurdering, og vi ser gode resultat i form av at elevane er motiverte for eit høgt læringsstrykk! Det høge læringsstrykket og sterke elevinvolvering i høve eiga læringsvurdering av eiga lærings- og kameratvurdering, er også med på å svekke grobotnen for sosial misnøye og mestrivnad.

### **Mobbing:**

Målet vårt er ein heilt MOBBEFRI skule, og vi vil aldri ”slappe av” eller ta lett på dette arbeidet. Det krev kontinuerleg innsats og tett oppfølging av uheldige episodar. Alle saker som vert melde til oss, anten frå elevar, føresette, eller observert av tilsette /elevar, vert tekne på alvor og tekne opp med dei involverte partane. Vi opplever at rask respons på uønska åtferd, og ikkje minst ei dertil påfølgande kontakt med dei involverte heimane, gjev gode resultat! Vi ser at nær og tett oppfølging skule/heim er av **stor** tyding for at elevane skal ha det godt på skulen, og vi nøler ikkje med å ta kontakt dersom vi kjenner at noko ikkje er heilt ok. Det same er sjølv sagt viktig så snart foreldra kjenner at ting ikkje er som det skal. Dette er heilt i tråd med §9-A i Grunnskulelova, som omtalar elevane sitt psykososiale miljø; der skulane vert pålagt *aktivitetsplikt* straks det vert varsla om hendingar som *kan* vere mobbing eller i alle høve er uønska hendingar.

### **”Grønt” miljø:**

Skulen kjeldesorterer plast, og mjølkekartongane vert skylde, bretta og innleverte saman med papir. Vi har også fått dunk til glas og metall, og vi har fått eigen dunk for matavfall. Farleg avfall vert levert på miljøstasjonen. Skulen har også vorte svært aktive m.o.t. «Batterijakta», og 4.klassingane er «in charge» for dette prosjektet!

### **Heim/skule:**

- Kontaktlærarane har 3 møtepunkt med heimane fast for året, eitt fellesmøte og to utviklingssamtalar med kvar einskild heim.
- I tillegg kjem møte etter behov, og ekstra oppfølging av einskildelevar.
- E-post og google classroom vert nytta til informasjon til heimane.
- Etterkvart har også SMS-meldingar vorte ein nyttig reiskap for kontakt mellom heim og skule. Vi ber om at de sender sms/ringjer til den aktuelle lærar, eventuelt rektor, alt etter kva saka gjeld og kven som er «involverte».
- Fellesmeldingar vert no i stor grad gjeve på Facebook, sidan dette er den kanalen flest er innom i løpet av ein dag. Vi har sjølv sagt sjekka slik at vi er sikre på at minst ein av foreldra er medlemar i skulen si lukka Facebook-gruppe. På denne sida vert det også lagt ut bilete frå skulekvardagen, frå små og store hendingar.
- I år som tidlegare år, låg det svært mange gode klede att på skulen ved skuleslutt til sommaren. Grunna manglande merking fann vi ikkje alle eigaran. Vi oppmodar **sterkt** heimane til å bli flinkare til å merke klede og sko!!! Svært mange av elevane veit ikkje kva dei sjølv eig, så det er **better å merke for mykje enn for lite**.
- Lærarane melder at det er ulik praksis i heimane i høve til å melde fråvær. Fråvær skal meldast pr. sms. Fråvær utan gyldig melding vert notert i protokollen som skulk. Fråværprotokollane for kvar klasse vert levert til revisor ved kvar elevteljing.

Skulen har dagleg kontakt med mange av dei føresette både om morgonen og etter skuleslutt. Vi opplever at terskelen for å ta kontakt for å drøfte små eller store problem, er låg. Dette ser vi på som svært positivt. Det er eit godt og tett oppfølgingsarbeid mellom skulen og mange heimar, og skulen opplever heimane som gode støttespelarar. Vi får både ris og ros, og begge deler er viktig for ei god utvikling av skulen. Vi har som mål å ta all konstruktiv kritikk på alvor, og drive seriøst oppfølgingsarbeid på dette. Vi har også eit ønske om eit endå tettare samarbeid/samspel med dei føresette.

### **Pedit/ Facebook:**

Åmås Friskule har heimesida si på Pedit. Pedit er ei læringsplattform med svært mange mogelegheiter, og mange verktøy ein kan ta i bruk. Ved vår skule vert den stort sett brukt som ei oppslagsside; der

m.a. info om skulen; alle planar, vedtekten og skulereglane ligg der, samt skuleruta, kalender og info til føresette. Vi oppmodar heimane om å sjå innom med jamne mellomrom, og om å gjere seg kjende med sida og følgje med. Og ikkje minst orientere seg om kva ein finn om informasjon om skulen og drifta her. Bilete frå skulekvardagen vert lagt ut på ÅF si lukka fb-side. Då kan foreldre som er med på aktivitetar i skulekvardagen sjølv legge ut kommentarar og bilete på fb, og dette er positivt. Det viser seg også at foreldra er mykje oftare innom fb enn Pedit, så info som skal raskt ut kjem oftast på fb el. pr. sms, og har nok slik sett overteke for Pedit som infokanal.

#### **Skulepengar:**

Skulepengane er for tida kr.500,- pr. fam. I skulepengane er både mjølk, yoghurt og frukt kvar dag inkludert, i tillegg til alle aktivitetar og turar elevane er med på.

#### **Undervisninga og organiseringa av dagen:**

Undervisninga er organisert i tre økter à 1,5 timer. Mellom kvar økt er det 30 minutt friminutt. 1.-2. klasse har 25 undervisningstimar per veke fordelt på 5 dagar, 3. klasse har 29 timer fordelt på 5 dagar, og 4.-7. klasse har 30 timer per veke. Styret har gjort vedtak om å utvide timetalet for 4. klasse med 1 time ekstra; dette fordi dei går ilag med 5. klasse. 3.-7. klasse har altså godt over minimum timetal, og noko av dette har vi nytta til å styrke engelskfaget og fysisk aktivitet. Elles avspaserer elevane i 1.-7. klasse ca. kvar 5. onsdag (7 gongar per år). Då har det pedagogiske personalet heile planleggings- og kursdagar. Dette opplever vi som svært nytige dagar, der vi har tid til å gå i djupna og oppdatere/skulere oss på aktuelle område!

#### **Basisfag/praktiske fag:**

Norsk, matematikk og engelsk er lagt til føremiddagsøktene. Dette er fag vi vernar om med tanke på andre aktivitetar/øvingar m.m., og tek att dersom dei må gå ut. Dei praktiske faga er lagt inn med ein dobbelttime anten i midtøkta eller sist på dag. Dette for å sikre god variasjon i skulekvardagen.

#### **Leseutviklingsprosjekt:**

Skulen har heldt fram med leseutviklingsprosjektet i rettleia lesing, kalla "Leseuniverset". Hausten-23 er det elevane frå 1.-5. kl.som har vore med. Elevane vert utifrå kartlegging plassert i lesegrupper på 1-3 elevar. Vi er med på Ørstaskulen si satsing på lesing, og ser at repetert lesing har stor betydning for elevane si utvikling.

#### **SOL:**

SOL er eit observasjonsverktøy. I tillegg er det også ein kunnskapsbank og eit oppslagsverk både for det generelle undervisninga og for «tetting av hol» med den enkelte elev. SOL gjev ei oversikt over kvar eleven er i si leseutvikling, og gjev læraren eit betre grunnlag for å drive god og tilpassa leseopplæring.

#### **Relemo (repetert lesing modul):**

Dette opplegget vert kalla styrketrening for lesesenteret i hjerna, og vi har i 2023 jobba veldig intensivt med dette. Ikke berre som eit tiltak i spesialundervisninga, men eit tiltak for å få opp lesefarta generelt. Så mange som 20 elevar er pr.dags dato involverte; 1-3 gongar pr.veke ca.10 min. kvar gong. Dei les same teksta inntil 10 gongar, og opplever at dei kjem lengre og lengre for kvar gong. Graf som viser framgongen gjev også stor motivasjon.

Det er Susanne og Svein Erik som driftar opplegget, og dei har svært gode tilbakemeldingar om opplegget.

#### **Skulebibliotek:**

Vi arbeidar jamt og trutt med å bygge opp skulebiblioteket. Vi syns det er viktig for leseopplæringa at elevane har tilgang til bøker på si eiga målform, og kjøper inn alt vi kjem over av nynorske barnebøker og faktabøker. I tillegg har vi no kome med i Norsk Kulturfond ordninga, der vi nokre gonger i løpet av året får bokkasser frå biblioteket. Susanne har ein liten bibliotekressurs; ho held orden og system på bøkene, og ho er også tilgjengeleg for å gje råd og å hjelpe elevane til å finne gode bøker med høveleg nivå og innhald. Vi har også timeplanfesta ein boktime på biblioteket, der Susanne har ein leselærarressurs og kvar klasse får sin bok med gjennomgang av aktuelle bøker for si aldersgruppe.

Dette er eit spennande prosjekt som vi har stor tru på. Dette skuleåret har Susanne begynt med inspirasjonsbesøk i klassene.

### **Stasjonsundervisning:**

Engelskundervisninga er dette skuleåret for **4. – 7.trinn** organisert litt annleis enn tidlegare år. Frå hausten 2023 gjekk vi over til ordinær engelsk klasseromundervisning. Dette var eit resultat av at kontaktlærarane ville ha betre oversikt over sine eigne elevar. Dette vart ei prøveordning fram til jul. Til jul evaluerte vi ordninga og kom fram til at vi ville starte opp igjen med stasjonsundervisning igjen etter jul, men ikkje akkurat slik den var blitt gjort tidlegare.

1.- 3. klasse har stasjonsundervisning som omfattar både norsk og matte.

Skulen har gode erfaringar med stasjonsundervisning. Særleg positivt er det at born som har problem med å roe seg ned og konsentrere seg i vanlege undervisningsformer, ser ut til å fungere mykje betre når vi har stasjonar med få elevar pr. gruppe. Det at vi har god bemanning på stasjonane er avgjerande for at denne undervisningsforma skal fungere optimalt. Ulike aktivitetar på dei ulike stasjonane gjev variert undervisning, og dette er viktig m.o.t. det å tilpasse undervisninga til elevane sine ulike lærereføresetnader. Det er også heilt i tråd med Kunnskapsløftet sitt fokus på ulike læringsstilar og lærestategiar. Vi meiner dette er tilpassa undervisning teke på alvor, og spes.ped i si beste form.

### **Nasjonale - og obligatoriske prøver:**

5.klasse har gjennomført nasjonale prøver i engelsk, lesing og rekning hausten-23.

3.kl.gjennomført obligatorisk kartleggingsprøve i lesing og rekning. I tillegg har 1. kl. gjennomført frivillige kartleggingsprøver i lesing og rekning. 2.-7.kl.har gjennomført Carlstens lesetest for sitt klassetrinn, og vi har òg starta med ordkjedetesten.

Desse prøvene er viktige med tanke på kartlegging og oppfølging av den enkelte elev.

### **CONEXUS ENGAGE:**

Det digitale kartleggingsverktyet CONEXUS ENGAGE er eit nyttig verkty med tanke på endå betre oppfølging av kvar enkelt elev. Resultata frå alle prøver vert lagt inn for kvar elev, og ein vil etterkvart kunne sjå progresjonen år for år.

### **Leksehjelp:**

ÅF har leksehjelptilbod for 3.-7.kl. Ofte er det vanskelege leksene både i matte og engelsk, og mykje av det er nytt stoff som foreldra ikkje har hatt sjølve. Såleis er det ok å kunne gjere desse leksene på skulen. Vi har oppmoda foreldra om at 1.og 2.klassingane gjer leksene heime, sidan dei treng ei heilt anna og tett oppfølging enn dei kan få på skulen. Vi opplever det slik at det er overkomeleg å få hjelpt elevane, men oppmodar heimane om å følgje godt med og ikkje late opplegget verte ei sovepute der ein trur at all leksa vert gjort på skulen! Leseleksa skal dei uansett lese høgt for nokon heime, og dei skal også lese og oversette engelskleksa. Og hugs at interessa de som foreldre viser for skulearbeidet, er **svært** avgjerande både for ALL motivasjon og framgang!

Leksehjelp-tilboden er tidfesta mellom 14.00-14.30 fire dagar i veka, og dette vert nytta av mange elevar.

### **Skulemøte/ Kulturmøte:**

Skulemøta er lagt til 4. time annakvar måndag for 1.-7. klasse. Møta er leia av elevrådet (7.kl.), og gjev *alle* elevane god og nyttig opplæring i demokratisk møteform, og ikkje minst i møteleiing. Det er også ei svært god øving i å lytte og å respektere andre sine synspunkt. Alle kan fremje saker til dette møtet, og møteleiinga diskuterer saklista med rektor før møtet. 7.klassingane tek ansvar og vert flinkare for kvart år. Dei er delte i grupper som har ansvaret kvar sin periode. Den gruppa som til ei kvar tid har ansvaret for møteleiinga, fungerer også som **elevråd** ved skulen.

Den andre *annakvar* måndagen er elevane og tilsette samla for kulturformidling av ulike slag. Det kan vere felles song, høgtlesing av dikt og historier elevane på dei ulike trinna har skrive, og dramatiseringar av ulike slag. Frå hausten 23 vart det ei lita endring, vi gjekk over til at klassene fekk ansvaret kvar sin gong.

Begge desse opplegga er svært positive treffpunkt, med stor tyding for det å bygge eit trygt og godt fellesskap og for det sosiale miljøet generelt!

## **Trivselsleiarar:**

Vanlegvis har vi ei ordning der halve 7.kl. (dei som ikkje er møteleiarar/elevråd) er trivselsleiarar. Dvs. at dei får eit spesielt ansvar for trivselen i friminutta. Dette er endra på, og no er det nokre elevar frå 4.-7. klasse som har dette ansvaret. Vi har tru på ordninga, og vil arbeide med å vidareutvikle denne komande skuleår. Anette har ansvar for trivselsleiarane.

## **Fysisk fostring:**

Vi har valt å samle tidsressursen for 6. og 7.kl., og leggje den til slutten av fredagane; noko som har ført til varierte og gode opplegg der ein har litt meir tid enn berre ein skuletime til rådevelde. Dei fredagane ein treng ekstra mykje tid til opplegget, nyttar ein også siste friminuttet. Aktivitetane har vore mange små fjellturar, fotball på kunstgrasbana, klatring i Ørstahallen. Takka vere bussen og styrka bemanning, kjem vi oss dit vi vil! I vinterhalvåret vert det flotte skiturar, for det meste til Krøvelseidet og Bondalseidet, men også skileik i nærområdet og på Daleteigane!

## **Fysisk aktivitet, friluftsliv, opplegg elles og ekskursjonar:**

- \* Skulen leiger gymsalen på Dalane skule ein time i veka for 4.-7.kl., og ein time i veka for 1.-3. kl. I tillegg leiger vi varmtvassbassenget for bading i Volda for 1.-7.kl. i kvar sine bolkar.
- \* I januar hadde uteskulen eit opplegg med stjerneteltet. Dette var eit samarbeid med høgskulen i Volda. Alle elevane og lærarane på skulen fekk delta.
- \* Skidag for heile skulen på Ørsta skisenter i mars, og elles skiaktivitetar i nærområdet.
- \* I mai deltok 6.-7.klasse på Tinestafetten.
- \* I mai hadde 6. og 7. klasse brannopplæring med brannavdelinga i Ørsta kommune.
- \* I mai var uteskulen på tur til Runde.
- \* I juni 2023 var 5.-7.kl. på Kjelsund med 2 overnattingar.
- \* I juni 2023 var 1.-4.kl på badeland i Fosnavågen og tur til Bjørke.
- \* I september hadde uteskulen ein fin tur til Barstadsetra.
- \* I september var 5. klasse ein dag på Raudøya.
- \* I oktober hadde heile skulen friluftsdag på Kvanndalssætra.
- \* I november hadde heile skulen skeissedag på Standaleidet.

## **Uteskule, "Out of school learning", eller "Det utvida læringsrommet":**

1.- 3.kl. har uteskule 4 første timane kvar tysdag. Det er laga ein 4-års plan for "Out of school learning" Omgrepet *uteskule* omfattar all læring som skjer utanfor skulen sitt område, og det er mykje! I regi av uteskulen er m.a. elevflokkene frå 1.-3.kl. på Ørstaheimen og anten syng ilag med dei eldre, steikjer potekaker eller driv med andre aktivitetar. Eit opplegg vi kan vere skikkeleg stolte av, og som vi har stor tru på! Og etter ein gong er det flott at vi har buss!

Skuleåret 23/24 er det Øystein og David som er ansvarlege for uteskulen.

Åkerprosjekt på Barstad er flytta litt lenger fram i dalen, sidan skulen har kjøpt partar i Andelsgarden i Follestaddalen. 1.- 3.kl. har dette som ein del av sitt uteskuleprosjekt haust og vår, med såing, luking og hausting, og Mat & Helse- faget vil etter kvart bruke av haustens grøde i matlaginga, og også involvere seg meir i drifta.

## **Vidare- og etterutdanning**

Målet vårt er å drive aktivt med kompetanseutvikling/heving.

I 2023 tek Emma vidareutdanning. Ho tek vidareutdanning i spesialpedagogikk.

I tillegg har vi fått med oss følgjande:

- ✓ HLR og livreddingskurs v/Stiftinga Varmtvassbassenget i Volda: Svein Erik og Eiril.
- ✓ 7 heile onsdagar (elevane avspaserar) der vi arbeider jamt og trutt med kompetanseheving på område der vi kjenner vi gjerne kan heve oss litt. Rektor har ansvar for planlegging og gjennomføring av opplegget på desse dagane; ev. for å delegerere ansvar for framlegging av stoff.
- ✓ Heile kollegiet har tatt kompetanseheving om skolemiljø/læringsmiljø med PPT.
- ✓ HMS kurs på Solgun, Svein Erik og Emma.
- ✓ Svein Erik og David kurs om matematikkvanskars.
- ✓ Anette og Emma kurs om Lingdys.

- ✓ Solgun og Gloria ferdig sertifisert på Logos.
- ✓ Heile kollegiet på kurs med «prøvekaninane», Sunnmøre friluftsråd.
- ✓ Fleire av dei tilsette har meldt seg på kurset «kajakk i skulen». Anette, Svein Erik og Gloria tok første del hausten 2023.

### **SFO:**

Dagleg leiar er Renate Olsen, men Isabell Engjaberg Øye var vikar for henne fram til juni 2023. Hausten 2023 starta Eiril Aambø Ryste som lærling hjå oss og ho vert her til juni 2024, ho er tilknytt SFO både morgen og ettermiddag.

Gjennomsnittleg tal på born i 2023 var 18.

SFO er ein svært god arena for frileik i trygge rammer, og det er mykje læring i god leik.

Borna får tilbod om frukost når dei kjem om morgonen, og brødmat etter skuletid.

Sidan alle innmelde i ordninga er på SFO fredagane, og det denne dagen er ein time lengre, er det servering av varm mat. Fredagane er ofte også kosedagar med film og liknande.

Vi ser at SFO er ein god stad å vere, med mykje kreativ leik og god samhandling! Heile foreldregruppa samla fungerer som SFO-nemnd.

### **Skyss:**

Minibussen dekkjer det meste, og vi har 4 minibussjåførar på huset! Tilsette og føresette hjelper til om det er naudsynt, og dette gjer alt veldig enkelt og kjekt for oss, og det er lett å ta laust!

### **Samarbeid med barnehagen/ overgang barnehage-skule.**

Vanlegvis har vi dette samarbeidet med barnehagen: Dei største borna på Dalane barnehage vert kvart år innbedne til generalprøvene på framsyningane våre, og når det er opplegg som høver har vi invitert dei til oss. Vi vert også bedne inn til barnehagen når spesielle ting skjer der.

Vi har 2 førskuledagar kvar vår, og vi ser at dette skaper ei god trygghet for førskuleborna som gjer at dei er heilt klare når dei startar om hausten! God relasjonsbygging!

I tillegg har vi eit opplegg for 6-åringane ilag med våre elevar, som vi planlegg ilag med barnehagen. Dette skjer før sommaren, og samarbeidet med barnehagen kan lett utviklast vidare. Vi er merksame på at enkelte av våre komande elevar går i andre barnehagar, og vil prøve å inkludere desse endå betre. Vi trur overgongen barnehage/skule er vel ivaretaken, og vi ser at borna er trygge når dei startar på skulen.

Kontaktlærar for komande 1.klasse og rektor var på møte med personale i Dalane barnehage, og førskuledagar vart lagt til 25. og 26. mai.

### **Arrangement v/skulen:**

- ✓ Karneval for alle elevar og tilsette.
- ✓ Dyredag.
- ✓ Påskelunsj for alle elevar og tilsette.
- ✓ Fotballtrøyedag.
- ✓ Avskilsfest for 7.kl.m/familiar.
- ✓ Sommarframsyning.
- ✓ Juleframsyning.
- ✓ Uteskulemesse.
- ✓ Pensjonistjulebord.

### **Arrangement v/FAU/ styret/skulen:**

Det har ikkje vore gjennomført noko av dei vanlege arrangementa i løpet av 2023, håper å få til noko i løpet av 2024.

### **Den kulturelle skulesekken og liknande.:**

- ✓ Vi er med i "Den kulturelle skulesekken" i Møre og Romsdal, og nyttar dei tilboda som kjem til kommunen. Det gjeld både konserter og dramatiseringar. Elevane likar dette svært godt. 2-3 arrangement kvart halvår, med dyktige musikkarar og skodespelarar, gjev både elevar og

tilsette mange flotte opplevingar! Oftast er desse arrangert på Dalane skule, men av og til også på kulturhuset i lag med fleire skular.

- ✓ 6.kl.hadde Jarnalderdag på Brudevolltunet, i regi av Sunnmøre museum.
- ✓ 4.kl.hadde Sauen og garden på Brudavolltunet i regi av Sunnmøre museum.

#### **Andre aktivitetar og arr.:**

- ✓ Påskegudsteneste for 1.-7.kl., og adventsgudsteneste for 1.-7.kl.
- ✓ Påskeverkstad og juleverkstad.
- ✓ 3.kl.var på «Bli kjend med Ivar Aasen»-dag i Åsentunet.
- ✓ 6. og 7. klasse var med på SMART Ungt Entreprenørskap, saman med 6. og 7.klasse på Sæbø skule.

#### **Varm lunsj og utvida servering (kafear)**

Det er skulekjøkengjengen som driftar dette opplegget; det er nyttig lærdom for dei og dei er kjempeflinke. Dette gjeld også 4.+5.kl., som har hatt ansvaret for å dekke bord og pynte: dei er etter kvart utlærde på området. 7.kl har ansvaret for oppryddinga etter slike opplegg – det er ikkje alltid like populært, men dei er likevel flinke. Vi tek sikte på å lage varmlunsj nokre gonger i løpet av skuleåret.

#### **Uteområdet/dugnadar:**

Det har vore gjort mykje godt dugnadsarbeid av dei føresette også sommaren -23, både utandørs og innandørs. Stor takk til alle som tok del!

#### **Investeringar/ombygging og oppgradering.**

I år investerte vi i meir nye læreverk. Vi har òg fått på plass varmepumpe. Dette kjenner vi er godt for inneklimaet i bygninga.

#### **Tilsyn:**

Dette året har vi ikkje hatt noko form for tilsyn frå Udir/fylket, utanom det økonomiske tilsynet dei fører kvart år med gjennomgang og godkjenning av årsrekneskapen.

#### **Internkontroll.**

Vi har desse faste årlege avtalane om kontroll:

- på brannsløkkingsutstyr (Myklebust Brannsikring).
- internkontroll av elektrisk anlegg og kontroll av brannvarslingsanlegget (Aasebø & Ulvestad).

Representantar frå FAU, rektor og leiar i grendalaget tek del på denne runda. Det vert her avtala kva utbetringar/tiltak som eventuelt må setjast i verk, og kven som skal vere ansvarlege for gjennomføringa. Dette i samband med Skulemiljøutvalsmøtet om våren, som har fokus på det fysiske miljøet og tiltak som skal iverksetjast.

#### **Forsikring /pensjonsavtale:**

Både elevar og tilsette er skade- og ulykkesforsikra i KLP.

For dei tilsette har vi pensjonsavtale med Statens Pensjonskasse.

#### **Drifta vidare:**

Den økonomiske stoda i verksemda er balansert i høve komande investeringar. Årsrekneskapen er basert på føresetnaden om at skuledrifta skal halde fram.

Åmås, 7. mars 2024

---

Solgun Nedreberg  
-rektor

---

Svein Olav Humberset  
-styremedlem

---

Trine Foldal  
-skrivar

---

Ann Christin Grotle  
- styreleiar og økonomiansvarleg

---

Torstein Åm  
-styremedlem